

Styremøte i Vats Grendautval

Måndag 20. sept. 2010 på Vats skule kl. 19.00

Desse møtte: Åsmund Kalstveit, Ingunn Skosheim Ohm, Gro Karin Velde
Sverin Fatland, Jon Olav Velde

Sak 1. Høyringsuttale til ”Fastsetting av skulekrinsgrenser”

Jon Olav orienterte om innhaldet i høyringsutkastet som er handsama i formannskap og i Utval for oppvekst og omsorg (OPOM)

Vedtak: Grendautvalet ser ingen grunn til å endra på skulekrinsgrensene i Vats. Dei er godt innarbeide og fornuftige.

Men dersom det kjem søknader frå enkeltpersonar/foreldre som ynskjer å senda sine barn til annan skulekrins enn der dei eigentleg høyrer til, så må ein vera lempeleg her.

Sak 2. Vatsvassdraget.

Grendautvalet tok saman med Vats bondelag og Vats grunneigarlag initiativ til å få NIVA, Norsk Institutt for vannforskning, til undersøka Vatsvassdraget som er sterkt forurensa og har sterk algeoppblomstring kvart år. Dette gjer at vasskvaliteten er så dårleg at vatnet nærast er ubrukande for folk og dyr i periodar.

Tysdag 17. august 2010 var det møte på Vats skule om Vatsvassdraget der desse var inviterte:

Grendautvalet, Bondelaget, Grunneigarlaget, Vindafjord kommune si Landbruksavdeling v/Harald Olav Stuhaug og NIVA v/Anders Hobæk.

Åsmund Kalstveit orienterte frå dette møtet. Etter at Anders Hobæk frå NIVA orienterte om den ferdige rapporten om vassdraget, var det innlysande at noko må gjerast for å minska avrenninga til vatn og elvar.

Åsmund kunne opplysa om at det frå kommunen var sett av 100 000 kr på budsjettet til ulike tiltak for vassdraget.

Vedtak: Grendautvalet v/Åsmund Kalstveit tek initiativ til å kalla inn til eit formøte med Bondelaget, Grunneigarlaget og landbruksavd. i kommunen v/Harald Olav Stuhaug m. fl. der dei må førebu eit ope folkemøte der alle bønder og grunneigarar rundt vatsvatna blir inviterte.

Alle som har vore med å sponsa utgiftene til NIVA sin rapport om Vatsvassdraget, skal få eit eksemplar av rapporten.

Gro Karin lagar 13 stk. Til utdeling.

Sak 3. Døldarheia vindmølleprosjekt.

Åsmund som sit i styret for Døldarheia sameigarlag, orienterte kort om prosjektet.

Det er 54 grunneigarar som er på 5 ulike vald: Sandeid, Ilsvåg, Aurdal, Svantesvoll/Landa og Søre Blikra/Gjerdesdalen. Alle desse er berørte her.

Dei aller fleste er positive til ei vidare utgreiing. Det er ein lang prosess før noko blir sett i gong. Det er sendt inn melding til NVE. Det må utarbeidast konsekvensutgreiing. Vidarfe må det koma med i kommuneplanen. Vindmålarar må setjast opp på ulike stader. Det vil ta minst 5-6 år med forarbeid.

Knut Erik Gjerde er leiar av Døldarheia sameigarlag.

Sak 4. ”Energi- og klimaplan for Vindafjord kommune 2009 – 2014”

Jon Olav orienterte kort om planen som nå er klar etter alle høyringsrundane.

Sak 5. Trafikksikringsplan.

Grendautvalet har ved fleire høve teke opp dette med trafikksikringstiltak i Vats:

Syssel- og langstiar fleire stader og ventefil/rundkjøring v/Knapphuskrysset.

Jfr.Særuutskrift frå møte Grendautvalet 07 10 09 og i møte 08 03 10. og 02 06 10.

Vedtak: Grendautvalet etterlyser ei prioriteringsliste for trafikksikringsplanar i kommunen.

Sak 6. Gatenamn og husnummer.

Dette er ei sak som Grendautvalet ynskjer at kommunen kan arbeida med for å gjera det lettare for legar, ambulansar, politi, brannmenn m.fl. å finna fram til rette vedkommande av ulike grunnar. finna fram til ulike adresser.

Særleg gjeld dette i byggefelt.

Vedtak: Grendautvalet ber kommunen utarbeida gatenamn og husnummer til folk i kommunen.

Sak 7. Årsmøte 2010.

Nåverande styre har fungert i 2 år utan å ha hatt årsmøte. Me har mangla vedtekter og lovar. Dette må me få i orden og koma inn i formelle ordningar.

Åsmund lagar forslag til vedtekter som må godkjennast.

Styret har nå 5 medl., men skulle i utgangspunktet hatt 6.

Dette året går 2 medl. ut, men det må veljast 3 nye, slik at det blir 3 frå Nedre Vats og 3 frå Øvre Vats. Det må også vera balanse i kjønnsfordelinga under valet.

Det manglar varamedl., valnemnd og revisor – dette må også veljast.

Årsmøtet vil me ha saman med **Folkemøtet den 11. november** i Kjellarstova i Vindafjordhallen. (Datoen kan bli endra.) Gro Karin tingar Kjellarstova.

Ingunn lagar plakat og annonse til Grannar i god tid.

Åsmund og Jon Olav lagar skriv om årsmelding, rekneskap og orientering om Vatsvassdraget + invitasjon til årsmøte som vil bli lagt ut til husstandene i god tid før møtet.

Årsmøtesaker:

- a. Årsmelding
- b. Rekneskap.
- c. Drøfting/handsaming av innkomne saker.
- d. Val.
 1. Val av leiar.
 2. Val av 3 styremed.
 3. Val av minst 2 varamedl.
 4. Val av valnemnd.
 5. Val av revisor.

Øvre Vats 20. sept. 2010

Jon Olav Velde

- leiar/skrivar-